

SpareBank 1 Hallingdal



Årsmelding
2002



Foto: Thorgeir Rør

Innhald

Eit spanande år	3	Note 5	Garantiar og andre betinga forpliktingar	24	
Styret sin årsmelding	4	Note 6	Prinsipp for periodisering av provisjon, gebyr m.v.	25	
SpareBank 1 Hallingdal – Gol	9	Note 7	Andre driftskostnader	25	
SpareBank 1 Hallingdal – Hemsedal	11	Note 8a	Tillitsvalte og tilsette	25	
SpareBank 1 Hallingdal – Ål	13	Note 8b	Ekstern revisjon	26	
Resultatrekneskap	14	Note 9	Pensjonsforpliktingar	26	
Balanse	16	Note 10	Finansiell risikokommentar	27	
Note 1	Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank	18	Note 11	Restløpetid på følgjande eigedels- og gjeldspostar	27
Note 2a	Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis	18	Note 12	Finansielle derivater – SparX og BMB	28
Note 2b	Dotterselskap	20	Note 13a	Opplysningar om grunnlaget for utrekning av betalbare skattar	29
Note 2c	Tilknytt selskap	20	Note 13b	Utsett skatt	29
Note 3a	Risikoklassifisering av utlånsporteføljen	21	Note 14a	Eigenkapitalrørsle	30
Note 3b	Prinsipp for vurdering av engasjement	22	Note 14b	Kapitaldekning	30
Note 3c	Tap på utlån	23	Note 14c	Kontantstraumanalyse	31
Note 3d	Utlån fordelt etter næring og geografi	23	Årsmelding frå kontrollkomiteen	32	
Note 3e	Overtatte eigedomar	24	Revisjonsberetning	33	
Note 4	Varige driftsmidlar – avskrivingar	24	Tillitsvalte	34	
			Visjon og Hovudmål	35	

Eit spanande år

Nøkternt vurdert har SpareBank 1 Hallingdal ikkje levert eit resultat i samsvar med eiga målsetting. Det er likevel min påstand at banken i år 2002 har skapt «resultat» som vonleg vil gje synlege utslag i banken sin resultatrekneskap allereie neste år.

I år 2002 flytta me inn i nytt bygg på Gol. Bygget har på mange felt «revolusjonert» vår arbeidsform. Stikkord i denne samanhengen er: Kunden i fokus, samarbeid på tvers av fagfelta og betre tilgjenge til banken. Tilbakemeldingar frå kundar og tilsette syner at bygget lever opp til forventningane me hadde. Hausten 2002 starta me ombygginga av kontoret vårt i Ål. Arbeidet skal vere ferdig sommaren 2003 og me ventar tilsvarende effekt her som me har erfart i Gol.

30. september la me ned dei lokale sentralborda og opna vårt eige kundesenter. Kundesenteret tek hand om alle inngåande telefonsamtalar, faks og e-post. Kundesenteret har kompetanse til å handsame alle typer førespurnader frå personkundane våre. Dette er ei betydeleg effektivisering samanlikna med tidlegare når kundane ble «satt over» både ein og to gonger før dei fekk naudsynt hjelp. Opningstida er i seg sjølv ein liten revolusjon: Mån-fre frå 0830-2000. Det gir deg som kunde moglegheit til å diskutere eigne finansielle spørsmål uforstyrta heimafrå.

Kundesenteret skal ikkje vera nokon erstatning for lokalbankane, snarare tvert om. Lokalbanken er vår viktigaste møteplass mellom bank og kunde. Me legg vekt på å ha lokal kompetanse på alle dei produkta som me til ein kvar tid vel å tilby kundane våre. Me vil ha betre tid til kundane våre når dei kjem for å møte oss. Me har som mål å invitere flest mogleg av kundane våre til ei samtale i løpet av året.

Satsinga på sal av forsikringsprodukt til personkundane våre har vorte ein suksess. Marknadsandelen vår vert stadig større og me vil også etter kvart utvide produktspekket til å omfatte bedriftsmarknaden. Forsikring er saman med sal av ulike spareprodukt og formidling av valutalån, ei viktig inntektskjelde i tillegg til rentenettoen frå tradisjonell bankdrift. Dette gir banken fleire bein å stå på og fører til at me er mindre sårbare for negative hendingar som skjer innanfor eit område.

Til trass for dette overskygger eksterne faktorar desse positive momenta. Det er inga trøst at «alle» har tapt på aksjar i år 2002. Når me framleis er inne i aksjemarknaden er det av di me meiner at dette er rett strategi med bakgrunn i prisnivået som er i dag. Dette er også noko me anbefaler dei av kundane våre som ynskjer spareformer med annan risiko enn bankinnskot. Kundane skal ha den tryggleiken at når me anbefaler dette så er det fordi me har tru på det sjølve. Det er sjølvmotseiande å ikkje sjølv vere eksponert i aksjemarknaden, dersom me anbefalar kundane våre å vere der. Dette er uansett ein sær sars liten del av eigenkapitalen til banken.

2002 var også eit dårleg år for SpareBank 1 alliansen. Den gode nyheiten er imidlertid at avtalen med Föreningssparebanken er reforhandla og dermed er denne usikkerheiten rydda av vegen. Eg er overbevist om at me vil oppleve fleire positive hendingar i Sparebank 1 alliansen dette året.

Me er ein del av samfunnet og ein generell negativ økonomisk utvikling vil sjølv sagt vere ei utfordring for banken. Det er då særdeles viktig å ha lagt eit godt økonomisk fundament for banken si vidare drift.

Knut Oscar Fleten
Adm. banksjef



Foto: Timas Galaktion

Styret sin årsmelding for 2002

Konsernet SpareBank 1 Hallingdal har levert eit driftsresultat som forventa, men svak avkastning på verdipapirporteføljen, tap på kundar og nedskriving av anleggsaksjar trekkjer ned resultatet. Det er morselskapet som i hovudsak dannar dei økonomiske storleikane i konsernet, og dei vidare kommentarane omhandlar difor morselskapet. Det er knytt nokre kommentarar til dotterselskapa sine resultat avslutningsvis.

Norsk og internasjonal økonomi

Ved inngangen til 2002 var det sterkt fokus på den økonomiske utviklinga internasjonalt og spesielt korleis amerikansk økonomi ville utvikle seg i etterkant av terrorangrepet 11. september 2001.

Det starta positivt i aksjemarknadene, før det snudde mot slutten av fyrste kvartal. Sett året under eitt, så fall den amerikanske aksjemarknaden med omlag 20%. Fallet vart i stor grad utløyst av avsløringar av stor ugøye i rekneskapsmateriellet med store konkursar som resultat. Etter sommaren har konflikten med Irak og ein auka krigsfrykt trekt aksjemarknadene nedover. Etter dei mange rentekutta i 2001, har sentralbanken (USA) halde signalrenta uendra gjennom det meste av 2002, før renta vart senka frå 1,75% til 1,25% i november. Makroøkonomiske variablar har ikkje trekt eintydig i nokon retning gjennom året. Industriproduksjonen var stigande gjennom det fyrste halve året, men fall så tilbake frå august. Arbeidsløysa har halde seg på eit høgt nivå gjennom heile året (mellom 5,5% og 6,0%). Det private forbruket har likevel halde seg godt oppe, men det er usikkert om dette vil halde fram. Den amerikanske regjeringa kom mot slutten av året med store finanspolitiske stimulansar for å halde oppe forbruket. Ved inngangen til 2003 er det stor uvissle med omsyn til den økonomiske utviklinga i USA. Optimismen med tanke på ein snarleg oppsving synast mindre enn for eit år sidan.

Utan drahjelp frå USA, har det heller ikkje vore stor fart i den europeiske økonomien det siste året. Arbeidsløysa har likevel halde seg stabil (8,3-8,4%) og er (førebels) ikkje dratt opp av Tyskland, der arbeidsløysa no er over 10%. Den europeiske sentralbanken har fokusert på ein inflasjon, som har ligge over målet framfor den svake veksten, men i desember «gav dei etter» og senka signalrenta med 0,5 prosent poeng til 2,75%.

I Norge har det gjennom 2002 vore sterk fokus på dei problemer ei sterk krone påfører næringslivet (konkurransutsatt sektor). Det vart lenge hevda at dette burde resultere i rentekutt frå Norges Bank. Norges Bank viste til innanlandske forhold, og etter eit sterkt lønsoppgjær vart signalrenta sett opp i juli, og banken uttrykte at det var større moglegheit for vidare renteoppgang enn det motsatte. Norges Bank valde – overraskande for marknaden – å senke renta frå 7% til 6,5%. Banken følgde opp i januar i år med eit ytterlegare rentekutt på 0,5 prosentpoeng. Grunngevinga for rentekutta er den sterke krona og den svake utviklinga internasjonalt. Pengemarknaden har forventningar om

ytterlegare rentekutt på 1,0 prosentpoeng, men mange analytikarar meiner Norges Bank vil nøye seg med 0,5 prosentpoeng.

Fleire indikatorar gir signal om at aktiviteten i Norge har avtatt noko, som følgje av stigande arbeidsløysa og ein flat utvikling i industriproduksjonen. Kredittveksten har likevel halde seg på eit høgt nivå. Dersom arbeidsløysa framleis stig, vil også kredittveksten avta etter kvart.

SpareBank 1 alliansen

SpareBank 1-alliansen er eit nordisk bank- og produkt-samarbeid der SpareBank 1-bankane i Norge samarbeider gjennom det felleseigde holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS. SpareBank 1-alliansen sitt overordna mål er å sikre den einsskilte bank sin sjølvstende og regionale forankring gjennom sterk konkurranseevne, lønsemd og soliditet. Samtidig representerer SpareBank 1-alliansen eit konkurransemessig fullverdig alternativ på nasjonalt og nordisk nivå. Strategien for banksamarbeidet og etableringen av SpareBank 1 Gruppen AS har vore evaluert i 2002. Gjennom denne strategiprosessen vart det avklara at 18 av 19 SpareBank 1-bankar støttar opp om strategien. Sparebanken Vest støtta ikkje strategigrunnlaget, og banken har valt å tre ut av alliansen pr. 31.12.03.

SpareBank 1 Gruppen AS sitt førebels resultat for 2002 – etter skatt – syner eit underskot på kr 1.290,2 mill. Resultatet framkjem m.a. gjennom ekstraordinære nedskrivingar av goodwill og meirverdiar på kr 593 mill. Goodwill og meirverdiane oppstod for det meste gjennom den meirpris som vart betalt for VÅR Gruppen i 2000. Også negative bidrag etter ekstraordinære forhold i 2002 – frå bankverksemda, samt livs- og skadeforsikring – pregar resultatet.

SpareBank 1 Hallingdal si deltaking i SpareBank 1 alliansen vert teke vare på gjennom eigarskapet i Samarbeidende Sparebanker AS, som igjen eig 14,08% av SpareBank 1 Gruppen AS. Mellom eigarbankane i Samarbeidende Sparebanker AS er det utvikla eit svært godt samarbeidsklima. Bankane nyt godt av arbeidsdeling, kompetanseoverføring og felles prosjekt på stadig fleire område.

Samarbeidende Sparebanker AS har bokført aksjeposten i SpareBank 1 Gruppen etter kostmetoden. På grunn av dei svake resultatane i SpareBank 1 Gruppen i 2002, har styret i selskapet hatt ein særskilt gjennomgang av verkeleg verdi for denne aksjeposten. Styret har i sin verddivurdering lagt til grunn selskapet sin bokførte eigenkapital med tillegg av eit sett kvantifiserbare meirverdiar. Som følgje av denne vurderinga har styret i selskapet gjort vedtak om å nedskrive selskapet sin eigarpost i SpareBank 1 Gruppen pr. 31. desember 2002 med kr. 60 mill. til kr 347 mill. SpareBank 1 Hallingdal har på bakgrunn av dette gjort ei nedskriving av eigarposten i Samarbeidende Sparebanker AS med kr. 4,7 mill.

Banken si resultatutvikling

Veksten i netto rente og provisjonsinntekter vart 6,6% mot 2,5% i 2001. Auka vekst skuldast i hovudsak høgare utlansvekst samanlikna med 2001. Veksten i utlån og innskot vart hv. 12,0% og 7,9%. I høve til gjennomsnittleg forvaltningskapital fall rentenettoen med 0,11 prosentpoeng, frå 3,24% i 2001 til 3,13 % i 2002. Den negative utviklinga i rentenettoen målt mot gjennomsnittleg forvaltningskapital er sterkt avtakande samanlikna med utviklinga i år 2000 og 2001 – hv. eit fall på 0,22 og 0,40 prosentpoeng. Dette skuldast sterkare fokus på prising av banken sine ulike engasjement.

Banken sine netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester auka med 26,6% i 2002. Tidlegare års sterke vekst innanfor forsikringsprodukt er vidareført i 2002. Gode salstall innanfor dette området legg eit godt grunnlag for banken sine framtidige provisjonsinntekter. Som forventa avtok veksten i provisjonsinntekter frå forsikring noko grunna eit høgare volum, men banken har framleis ein meget god vekst – heile 44% i 2002. I volum er dette ein liten del av banken sine totale inntekter.

SpareBank 1 Hallingdal stiller lånegarantiar i samband med formidling av valutalån til sine kundar. Det er framleis god interesse for valutalån blant banken sine kundar, og banken har hatt ein inntektsvekst på 62% frå denne type garantiar.

Ein framleis sterkt fallande aksjemarknad har gitt eit stort negativt bidrag til banken sin resultatrekneskap. Verdipapirporteføljen blir administrert av SpareBank 1 Aktiv Forvaltning. Porteføljen gav i 2002 ein negativ avkastning på -5,54%. Det er 1,02% svakare enn referanseindeksen. Honorar til forvaltar blir bokført under administrasjonskostnader.

Andre driftsinntekter har felle med 9,2% samanlikna med 2001.

Samanlikna med 2001 har lønskostnadene stige med 13,5%. Auka aktivitetsnivå og etablering av kundesenter har ført til fleire nyttilsetjingar. Nyttilsetjingane medverkar til ca 45% av lønsveksten. Ny bedriftsavtale, personlege tillegg og sentralt lønsoppgjær medverkar til resterande vekst, fordelt med ca 1/3 på kvar av desse elementa. Løn og andre personalkostnader utgjorde i 2002 0,88% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Det er ein minimal auke frå 0,85% i 2001.

Administrasjonskostnadene steig med 6,5% samanlikna med 2001. Auken skuldast generell kostnadsvekst på fleire postar.

Planlagte investeringar innanfor IKT i 2002 har gitt eit høgare avskrivningsnivå. Andre driftskostnader har auka med 47%. Hovudårsaka til sistnemnde vekst er auka leigekostnader til eige egedomsselskap og utgiftsførte investeringar som følgje av nytt bankbygg på Gol.

Banken sitt tap på utlån er kr 12,7 mill. mot kr 1,3 mill. i

2001. Hovudårsaka er konstatert tap på eit kunde-engasjement der banken også har overtatt 4 leilegheiter, sjå note 3e. Banken sine tapsavsetjingar har auka i tråd med utviklinga i utlansporteføljen. Totale tapsavsetjingar utgjør 1,38% av brutto utlån mot 1,32% i 2001. SpareBank 1 Hallingdal er av den oppfatning at nivået på banken sine tapsavsetjingar gir eit riktig bilete av risikoen i utlansporteføljen.

SpareBank 1 Hallingdal sine aksjar i Samarbeidende Sparebanker AS er nedskrivne med kr 4,7 mill. Sjå eigen omtale under avsnittet SpareBank 1 alliansen.

Årets resultat på kr 11,97 mill. etter skatt er ikkje tilfredsstillande, og langt svakare enn banken sitt langsiktige avkastningsmål. Resultatutviklinga er prega av eksterne faktorar, som negativ utvikling i verdipapirporteføljen, relativt stort tap på eit enkeltengasjement, nedskriving av verdien på banken sine aksjar i Samarbeidende Sparebanker AS. Justert for desse faktorane syner den underliggjande bankdrifta ei betring på 5% samanlikna med år 2001.

Banken si balanseutvikling

I 2002 auka forvaltningskapitalen med 7,75% til i underkant av kr 2,8 milliardar kroner.

Innskota har ein tilfredsstillande vekst sjølv om banken aukar volumet på sal av andre spareprodukt. Innskot frå kundane auka med 7,9% i 2002 mot 8,5% i 2001. Det er ein ubetydeleg andel innskot med bindingstid og innskot med fastrenteavtaler. Innskot over kr 1 mill. har svært gode vilkår samanlikna med pengemarknaden.

Banken auka brutto utlån med 12,0% i 2002 mot 9,9% i 2001. Utlansveksten er på nivå med gjennomsnittleg kredittvekst i Norge. Som ein konsekvens av ein noko høgare vekst i banken sine utlån enn innskot fall finansieringsgraden kundeinnskot/utlån frå 76,7% til 73,9%. SpareBank 1 Hallingdal har etablert gode og langsiktige kredittlinjer hjå fleire av sine samarbeidspartnarar.

Den profesjonelle forvaltaren administrerer alle banken sine verdipapir med unntak av strategiske eigarpostar. Sum til disposisjon for forvaltar har vore stabil gjennom året. Denne porteføljen er fordelte med henholdsvis 19,1% på aksjar og 80,9% på obligasjonar ved årsskiftet. Forvaltar har styrt porteføljen innanfor styret sin rammeinstruks i år 2002.

SpareBank 1 Hallingdal har deltatt i to kapitalutvidingar i Samarbeidende Sparebanker AS med bort imot totalt kr 7,4 mill. Aksjeinnskota er gjort opp gjennom konvertering av ansvarlege lån.

Eigenkapitalavkastninga for skatt i år 2002 vart 3,9% mot 11,4% i 2001. Iflg. kapitaldekningsoppgåva til Kredittilsynet, har banken ein kapitaldekning på 17,6% mot 19,3% ved utgangen av år 2001. Styresmaktene krev minimum 8,0%.

Overskotsdisponering

Styret foreslår følgjande bruk av årsoverskotet.

Avsetning til gáver med allmennyttig formål	56.250 kr.
Overføring til Sparebanken sitt fond	11.913.647 kr.

Føresetnaden for vidare drift er til stades, og årsrekneskapen for år 2002 er sett opp med dette som grunnlag.

Risikoforhold

Rente- og kredittrisiko utgjer størst risiko i samband med bankdrifta, men verksemda fører også med seg ein viss likviditetsrisiko og risiko i samband med kursutviklinga i aksjemarknaden.

Det er i hovudsak behaldninga av renteberande verdipapir som er utsett for renterisiko. Banken har gjennom året lege innanfor dei rammer som er definert for rentepapir. Desse rammene er basert på maksimal plassering innanfor ulike sektorar og typer rentepapir. Det er også fastsett eit mål om gjennomsnittleg løpetid på 3 år med maksimalt tak på 5 år. Banken har eit svært lite utlånsvolum med fastrenteavtalar, og dei fleste avtalane utgår i 2003. Utlån med fast rente utgjer ingen risiko for banken.

Kredittrisikoen blir overvaka gjennom misleghaldsrapportering og klassifisering av utlånsengasjementa med omsyn til økonomi og sikkerheit. Ved årsskiftet er det næringslivs-porteføljen som er risikoklassifisert. Det er ein målsetjing å starte klassifiseringa av personkundane i 2003. Banken har eit innarbeidd regelverk for kredittvurdering og kreditt-handtering basert på sin kredittpolitikk. Denne blir revurdert årleg. Det blir lagt stor vekt på kredittkontroll og oppfølging av tapsutsette engasjement.

Banken legg vekt på at likviditetsrisikoen skal vera minimal. Finansieringsgraden innskot/utlån fall med 2,8 prosentpoeng til 73,9 %. Dette var eit fall som ikkje endrar risikobiletet med omsyn til likviditetsrisiko. Likviditetsrisikoen blir vurdert som akseptabel. Kortsiktige svingningar blir dekkja gjennom etablerte trekkrettar. Banken har også ein god del likviditetsreserve i verdipapirporteføljen som ligg til Aktiv forvaltning.

Plasseringar i aksjemarknaden er i hovudsak retta inn mot dei store børsnotarte selskapa og med ein minimum spreieing. Maksimal ramme er 35 % av verdipapirporteføljen. Forvaltninga er som tidlegere nemnd handtert av ein profesjonell forvaltar.

Styret mottok månedleg rapport over banken sin renterisiko. Misleghalds- og tapsutviklinga blir rapportert månadleg. I neste 3 års periode forventar banken at årlege utlånstap vil ligge innanfor kr 5,0 mill. Resultatet av verdipapirverksemda med storleiken på urealisert kursreserve inngår i den månedlege driftsrapporteringa som blir styrebehandla. Styret legg vekt på at finansielle risikoaer knytt til verksemda skal vera moderate.

Intern kontroll

I samsvar med forskrift om intern kontroll, har banken gjennomført internkontroll for samtlige kjerneområder i organisasjonen. Forbetringsområde er identifisert og tiltak er under arbeid. SpareBank 1 Hallingdal gjennomførte ein omfattande endring av internkontrollrutinane i 2001 og kontrollane i 2002 er basert på dette arbeidet. Rapportane frå intern revisor er lagt fram for styret til behandling.

Tillitsmenn og administrasjon

Ved val i 2002 vart Ragnhild Kvernberg attvald som forstanderskapsformann. Godtgjersle til tillitsvalde, revisor og adm. banksjef går fram av notane. Lån og garantiar til tillits- og tenestemenn i banken går fram av notane.

Personalet

Ved utgangen av året var arbeidsstyrken i banken 64 heil- og deltidstilsette, som tilsvarar 56 årsverk.

I SpareBank 1 Hallingdal er 60 % av banken sine tilsette kvinner. Kvinneandelen er lågare i leiarstillingar, der 25% av mellomleiarane og ingen av leiargruppa er kvinner.

Banken oppmuntrar og legg forholda til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholda blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale, samt store moglegheiter for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling, som må sjåast som eit ledd i banken sitt arbeid med likestilling.

I ein forholdsvis liten organisasjon er antal leiarstillingar avgrensa. Av erfaring er det sjeldan ledige leiarstillingar. På kort sikt vil det difor vera vanskeleg å auke kvinneandelen i banken si leiargruppe.

Arbeidsmiljø og tryggleik

Styret vurderer arbeidsmiljøet i banken som tilfredsstillande. SpareBank 1 Hallingdal har ein etablert bedriftslegeordning. Forureining av det ytre miljøet som følgje av banken si verksemd er minimal.

Fredag 13 desember vart banken sitt kontor i Hemsedal utsett for eit væpna ran. Ingen kundar eller tilsette kom fysisk tilskade. Banken sine rutinar vart følgd og kriseteamet til kommuna vart trekt inn i oppfølginga av dei tilsette. Styret ynskjer å gje honnør til dei tilsette på kontoret for roleg og sikker framferd under hendinga.

Framtidsutsikter

Etableringa av banken sitt kundesenter har frigjort ressursar på det einskilde kontor. Desse ressursane skal nyttast til auka møteaktivitet med banken sine kundar. Banken har som målsetjing å invitere flest mogeleg av eigne kundar til samtaler med bakgrunn i den einskilde kunden sitt behov. SpareBank 1 Hallingdal forventar at denne satsninga på oppsøkande aktivitetar skal gje meirsal til eksisterande kundar. Kundane ser fordelen med å samle fleire av sine kjøp på ein plass og SpareBank 1 Hallingdal forventar framleis god vekst i sal av forsikringsprodukt.

Vintersesongen 2002/2003 starta svært tidleg, og dette gir ein god likviditetstilførsel for bedriftene ved inngangen til år 2003. Turismen medverkar positivt, men slit med høg belåning og låg lønsemd. Landbruket står framfor store endringar grunna reduksjon i overføringane. Kommunane i Hallingdal må kutte mykje i sine driftsbudsjett. I sum vil dette føre til lågare kredittvekst og auka fokus på identifisering av risikoelement i kundeengasjementa.

I 2003 forventar me å sjå effektane av nye arbeidsprosessar ved banken sitt nye kontor på Gol. Ombygginga ved kontoret i Ål blir slutført sommaren 2003. Som ved kontoret på Gol vil tradisjonelle betalingstenester bli sjølvbetente og nedtona i det fysiske miljøet.

Kunderådgjevinga får større plass i kvardagen, og dette vil venteleg gje utslag i auka meirsal til kundane. SpareBank 1 Hallingdal er ein organisasjon under utvikling og banken er med sin soliditet, sterke marknadsdel og høge uttelling på måling av kundevelnøye i ein sterk posisjon til å utvikle banken vidare. Ei utvikling til fordel både for tilsette, lokalsamfunn og kundar.

Hallingdal, den 31 desember 2002
07.02.2003

Torleif Bjella
Styreformann

Anders Intelhus
Nestformann

Kjell Vidar Bergo

Kari Beate Lilleaas

Vidar Isungset

Knut Oscar Fleten
Adm. banksjef

Dotterselskap

Hemsedal Regnskap AS viser framleis ein positiv utvikling i oppdragsmengda. Honorarinntektene auka med ca. 35%. Det er tilsett fleire ved kontoret. Rekneskapskontoret er einaste lokale rekneskapsfirma i Hemsedal av ein viss storleik. Resultatet for 2002 var omtrent i balanse, og det er ei lita forbetring i forhold til 2001.

SpareBank 1 Hallingdal Eiendomsselskap AS hadde leigeinntekter på ca kr 3,8 mill i 2002 mot kr 2,1 mill. i 2001. Selskapet har ingen fast tilsette og leiger inn sine tenester ved behov. Bankbygget på Gol vart overtatt 4 mai 2002. I tillegg til banken si verksemd leiger også Eiendomsmeidler 1 Ringerike/Hadeland AS lokaler i dette bygget. Selskapet vil halde fram med å selje ut eigedommar som ikkje blir nytta av morselskapet. Selskapet har starta renovering av morselskapets lokaler i Ålingen Kjøpesenter i Ål. Årsresultatet vart kr 45.782.

Takk til forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette

Styret takkar forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette for godt samarbeid i 2002. God opplutning om banken og solid innsats i alle ledd i organisasjonen har ført til eit godt utgangspunkt for år 2003.

Ein syner elles til rekneskapen med notar.

Ny bank er alltid open

Med ønske om lågere lånerente song Brelett-jentene inn det nye forretningsbygget til Sparebank 1 Hallingdal på Gol mandag foremiddag.

Dermed opna dørene for ein bank som på mange måtar er framtidssretta. Det nye bygget har ein prislapp på i overkant av 40 millionar kroner. Det blir dominert av to store, halvskjelforma nervesentra.

Sjølvetjening
Det første er det store publikumsrommet i første etasje. Forutan skranke og betjening finn ein her automat for alle typar banktenester, til og med ein innskotsautomat.

Automatdelen kan delast av med fyllbare veggar etter opningstid, og skal i prinsippet vere tilgjengeleg for publikum 24 timar i døgnet, alle årets 365 dagar.

Meklarrommet
Det andre romet er det store «meklarrommet» i andre etasje. Hit får ikkje publikum adgang, men her er det felles arbeidsplass for alle bankens kundebehandlarar. Her sit dei samla medan dei utfører ulike typer papir- og bankarbeid. Meininga er at dei skal kunne dra nytte av kvarandre sin kompetanse så å seie over bordet. Men når det kjem kundar, er det alltid plass i eit av mange samtalerom til slikt bruk. Sparebank 1 Hallingdal er den første banken i Norge som organiserer sjølve den fysiske arbeidsplassen til personalet på denne måten.

Stole på kompetanse
- Dette har vore ei spennande helg, så administrerende banksjef Knut Oscar Fleten under opninga.

- Datasystema i gamlebygget var i drift like til fredag ettermiddag for dei vart kutta. Ein måtte såleis stole på teknologi og kompetanse for at dei skulle vere i drift mandag foremiddag.

- Noko slikt kunne me aldri ha gjort utan å ha full tillit til dyktige medarbeidarar, sa Fleten og ga honnør til personalet. Ein «fantastisk dyktig gjeng» sa han om arbeidsstokken som hadde gjort flyttinga mogleg så effektivt og på så kort tid.

Ope døgnet rundt
- Me vonar det nye bygget vil bli inviterande og venleg. Me har prøvd å lage eit bygg som



Det nye bygget til Sparebank 1 Hallingdal i Gol er opna, men utomhusarbeida vil ikkje vere avslutta på fleire månader.



I sjølvetjeningshallen er automat for ulike banktenester bygd inn i vegg.



Ordførar Jan-Halvard Brekko klypper snora og opnar banken, t.v. administrerende banksjef Knut Oscar Fleten og t.h. banksjef Terje Bale.



Første kunde var Marry Schjoldt-Iversen, som vart motteken med blomar av banksjef Terje Bale.

både er spennande og som gir harmonisk inn i Gol sentrum. Det skal vere ein triveleg møteplass for våre kundar. Det skal også vere lyst og godt å jobbe i for dei tilsette. Me vil også at det skal vere ope og tilgjengeleg, og derfor er bygget i prinsippet ope for publikum døgnet rundt, heile året. Hit kan ein t.d. kome for å sjekke innhaldet i bankboksen sin, om det så er laurdag kveld klokka 23. Berre ein har adgangskort og kode, så kjem bankboksen automatisk til kunden med nokre få tastetrykk.

Internett
Publikum vil og ha tilgang til banktenester døgnet rundt via internett og telefon.

Brekko såg ikkje på banken

- Bankar har tradisjonelt ikkje vore kjende for å ha fleksible og kundevenlege opningstider. Men eg vågar å påstå at denne banken no vil bli meir tilgjengeleg for publikum enn nokon gong før, sa Knut Oscar Fleten.

Dryp litt på alle
- Det er gledeleg å sjå at ei verksemd i Gol utviklar seg og tek steg vidare, sa ordførar Jan-Halvard Brekko på vegne av Gol kommune.

Han var glad for at Sparebank 1 Hallingdal ikkje berre tenkte på å tene pengar i bygda, men at dei tok verksemda si slik på alvor at det nye bankbygget også vart ei pryd for sentrum.

Brekko såg ikkje på banken

søkt om byggesløyve. Eg vil ikkje, som enkelte andre av mine kolleger, bli «historisk» fordi dei med stor festivitas har opna bygg som ikkje eingong var byggemelde.

Førstemann inn
Men Sparebank 1 Hallingdal har altså både levert byggeommelding og mottatt ferdigattest. Dermed opna dørene og dei første kundane sette kursen mot automatavdelinga for å utføre sine ærend. Ikkje alle hadde tid til kaffe og kake som banken spanderte på alle som ville ha. Og kaka, det var sjølvsagt forma med bankbygget som modell.

Men ikkje nok med det, eg har før og gjekk hit til opninga kontrollert at ikkje berre er ferdigattesten utskreven, men også at banken faktisk har

Miljøsatsing gir økonomisk gevinst

Sparebank 1 Hallingdal satsar på miljø i nybygget sitt på Gol. Leiinga meiner at ekstrainsatsen er ei lønnsam investering.

Banken byggjer etter det såkalla reint-bygg prinsippet. Først og fremst er rydding og organisering av byggeplassen viktig med tanke på arbeidsmiljøet. Vidare betyr det mykje å få kontroll på støv- og fuktproblem. I bygget er det plassert avtrekksvifter og luftrensarar som skiftar lufta åtte gonger i døgnet. Viftene har gått i eitt sidan bygget vart tett. Byggeplassen har eigne produksjonsrom der handverkarar kan stå og arbeide med maskiner og utstyr. Også underentreprenørane pliktar å følge reit-bygg prinsippet.

Kostar
- Tiltaka medfører ein del ekstra kostnader, men me tek det alt i effektivitet, seier administrerende banksjef Knut Oscar Fleten.

- Ikkje minst er dette helsemessig gunstig for handverkarane, seier anleggsleiar Kjell Haavelmoen i Veidekke ASA. Han understrekar at vektleggjinga på helse også gjer at folk likar seg betre på arbeid, noko som gjev effektivitet.

- Før gjekk handverkarane og hosta og harka etter arbeidstid på grunn av gipsstøv. No er det ikkje plaga av slikt, seier bas Lars Erik Moen. Han legg til at handverkarane gjerne vil ha fleire slike bygg.

Men det er ikkje berre med tanke på handverkarane at banken byggjer etter reit-bygg prinsippet. Huset skal også bli reinare etterpå. Alle vegger og himlingar blir grundig støvsuga for isolering så det ikkje skal finnast støv når bygningen blir teken i bruk.

- Gamle plasavakostar er noko svineri, slike har me ikkje på byggeplassen lengjer, her brukar me støvsugarar, seier siving, Jan Svenkerud i konsulentfirmaet Theorells AS. Det er han som har utarbeidd retningslinjene for reit-bygg systemet

Varmepumpa
Bygningen skal varmest opp etter moderne prinsipp med vassboren varme via ei varmepumpe plassert i kjellaren. Pumpa hentar varme frå sju energibrunnar i grunnen. Brunnane er på 180 meter kvar. Systemet fungerer motsett om sommaren, pumpa kan då kjøle ned bygget.

- Dette er det mest framtidssretta og miljøvenlege tiltaket me kan gjera, seier Jan Svenkerud. Han fortel at systemet gjev eit langt betre inneklima. Og sjølv om Hallingdal har hatt rimeleg straum, må også hallingane ein gong over på eit slikt system, meiner han.

- Systemet gjev oss ei innsparing på energikostnadane på mellom 50% og 75% i året, supplerer Knut Oscar Fleten.

Fleksibeit
Om det skulle bli problem med jordvarmen, er varmepumpe så fleksibel at den også kan koplast til fjernvarme, biovarme, solvarme eller oljefyring. - Alle statlege bygg i Norge over 1.000 kvadratmeter, må i dag byggjast med opplegg for vannboren varme, seier Jan Svenkerud.

► STEIN TORLEIF BJELLA
stb@hallingdolen.no



Anleggsleiar Kjell Haavelmoen (midten), adm. banksjef Knut Oscar Fleten (t.v.) og rådgjevar, sivilingeniør Jan Svenkerud ved varmepumpe i teknisk rom.

SpareBank 1 Hallingdal - Gol

Året 2002 har vore eit merkjeår for Golkontoret. I mai måned tok me i bruk det nye bygget vårt på Gol.

Det nye bankbygget er konstruert med basis i ein annan måte å jobbe på for dei tilsette. Då me er den einaste banken i Norge som er organisert slik, var det spesielt spennande å sjå korleis kundane tok imot det nye bygget og denne måten å møte banken på.

I tillegg til endrede arbeidsmetodar spesielt innan rådgjeving, opna me ein 24-timers automatbank. Her kan kundane få utført dei fleste tenestene innan områder som betalingsformidling og kontantthåndtering heile døgnet.

I automatbankmiljøet finn ein nattsafe, to minibankar, der den eine har euro-setlar, innskotsautomat, nettbank, mynt og setelautomat samt eit automatisk bankbokskvlev som er opent frå kl. 06.00 til 23.00.

Byggestilen er spesiell og spennande og val av materialer er basert på tradisjonelle materialer som treverk og stein. Miljø og energisparing er satt i høgsetet og det er difor gjort vesentlege investeringar i moderne utstyr med tanke på ressursbesparelsar innan både varme og ventilasjon.

Erfaringane me har så langt er at både bygget og organisasjonen fungerer som forutsett.

Når det gjeld næringsutvikling og nybygging i Gol, har året 2002 tildels vore eit stille år. Pessimisme som følgje av økt usikkerhet i norsk økonomi har heilt klart vore ein av hovudorsakane til dette. Den private boligbygginga elles har vore på samme nivå som dei siste åra.

Gol-kontoret har også i år 2002 fortsett den positive utviklinga både inntening- og volummessig. Volumet innan utlån har auka med 16% inklusive valutilån og utgjør totalt 1.130 mill. Innskotsveksten er på ca. 17% og utgjør totalt 406 mill.

Gol-kontoret har og hatt ein god utvikling innan sal av forsikringar, og me har etterkvart vesentlege marknadsandelar innan både liv og skadeprodukt. Gol-kontoret hadde ved utgangen av året 12 tilsette, som utgjør 11,4 årsverk.

Terje Bale
Banksjef

Hallingdølen





Storstilt jakt på væpna ransmenn

Politiet jakta seint i går kveld på to menn som ved 15-tida fredag rana Sparebank 1 Hemsedal. Ransmennene storma inn i banken og truga dei tilsette med våpen. Ingen vart skadde under ranet. Kort tid etter la dei to mennene på flukt i ein

Chevrolet som litt etterpå vart funnen i Grøndalen (biletet til høgre). Kvar ransmennene tok vegen vidare, var det i går kveld ingen som visste. Politiet utelukkar ikkje at ransmennene kan ha kome seg vekk frå Hemsedal.

SIDE 9-10



14. desember 2002
Nr. 145 - 64. årgang - Kr. 10.00

LAURDAG 14. DESEMBER 2002

NYHEITER

9



Overvåkingskameret i banken syner korleis ranarane med våpen i hand truga folk ned på golvet medan dei forsynte seg av pengar.

Ranarar truga banktilsette med våpen

Ført hette og med skytevåpen i hendene, storma to ransmenn inn i Sparebank 1 Hemsedal to minutt før stengt tid fredag ettermiddag.

varsla politiet om ranet. Kripos var venta til Hemsedal natt til i dag for å starte tekniske undersøkingar i banken.

Gevær og pistol
Liko for arbeidsveke var i fred med å gå over i helg, skjedde det altså. Klokka 14.58, to minutt før banken stengde, køyrt ein svart 1980-registret Chevrolet Tahoe opp framfor inngangsdøra i banken. Ut sprang to maskerte menn.

Orkeresteplass
Om ranarane kalkulerer med at dei kunne gjera sitt særønd i banken utan å bli observert av folk i området, tok dei grundig feil. Rett på andre sida av vegen, på Hemsedal Cafe, sat fleire gjester på orkeresteplass og folget i detalj med på dei som foregikk inne i banken. Dermed starta flukta til dei to

sje. Ein av dei var Bo Ellemark som hadde matpausen si på kafeen akkurat då ranet skjedde.


Han med geværet gikk opp i kontoravdelinga i etasjen over og jaga alle ned i fyrstetasje. Der heldt han dei tilsette i sjakk med våpenet, medan den andre tomde kassene, fortel Ellemark.

Ranarane blir av politiet karakterisert som kraftige, om lag 190 cm høge, og skal ha snakka med svensk aksent.

Uvirkeleg
Etter nokre minutt kom dei to ranarane springande ut att frå banken med to svarte posar eller bagar i hendene. Heilage vite var det ingen som sat i bilen og venta på dei.

Dei kasta seg i bilen og spann seg avgjerd vestover i retning Grøndalen, fortel Bo Ellemark.

Bilen funnen
Dermed starta flukta til dei to



Ranet av Sparebank 1 Hemsedal skjedde tett før stengt tid. (Foto: Sigmund Krevell-Velle)

ranarane. Turen gikk vestover til Tuv og vidare mot Grøndalen. Folk skal ha sett ransbil og lagt seg på hjul eit stykke høg ranarane. Om lag 600 meter frå Tuv innover mot Grøndalen vart Chevrolet funnen tom kort tid etterpå. Det skal ha vorte funne ransklode i området. Kor karane hadde tatt vegen derifrå, var i går nokså det bli.

Det er fire måtar å koma seg vidare frå Grøndalen, til fots, til ski, med snøscooter eller med bil. Me kan ikkje gjere noko meir konkret svar, sa politijudant Petter Solberg ved



Augevitne Bo Ellemark.

10

NYHEITER

LAURDAG 14. DESEMBER 2002

Ingen tilsette skadde - får ros av sjefen

Banksjef i Hemsedal, Johannes Haraldsen, stadfester at ingen av dei involverte, korkje kundar eller tilsette, vart skadde under ranet.

Etter dramaet og utover kvelden vart dei tilsette samla i bankens møte-rom i tredje etasje. Haraldsen gav utpå kvelden nokre knappe kommentarar til dramaet som skjedde i banken like før stengt tid.

Det eg kan seier er at ingen vart skadd. Det vart ikkje avfyrt skot. Og apparatet i bygda som skal fungere i slike situasjonar, kriseteam og lege, stilte opp for dei tilsette, seier Haraldsen.

Takla situasjonen
Han fortel vidare at heller ikkje noko materiell vart øydelagd under ranet. Sjølv var han i ein annan del av lokalet då ranet pågikk.

«Eg var på eit kontor og var ikkje involvert sjølv i hendinga. Eg fekk gjeve på det da ranarane hadde reist att.

Korleis tek dei tilsette det? «Det vil eg ikkje utbrodere på nokon måte, men generelt ser det ut som det tek situasjonen ganske roleg. Ein del av bankopplæringa er å trene på nettopp slikt, seier Haraldsen.

Gir ros
Adm. banksjef i Sparebank 1 Hallingdal, Knut Oscar Fleten, rosar dei tilsette for måten dei takla ranet på.

«Eit væpna ran er alltid dramatisk. Det er også grunnen til at me med jamne mellomrom over på slike situasjonar. Dei tilsette skal gjennom øving vite korleis dei bør reagere i ein ranssituasjon.

Gir ros
Adm. banksjef i Sparebank 1 Hallingdal, Knut Oscar Fleten, rosar dei tilsette for måten dei takla ranet på.

«Eit væpna ran er alltid dramatisk. Det er også grunnen til at me med jamne mellomrom over på slike situasjonar. Dei tilsette skal gjennom øving vite korleis dei bør reagere i ein ranssituasjon.



Banksjef Johannes Haraldsen fortet at dei tilsette takla situasjonen etter det dramatiske ranet i går ettermiddag. (Foto: Sigmund Krevell-Velle)

Ranarane kan vera ute av Hemsedal

Politiet utelukkar ikkje at dei to ranarane kan ha kome seg ut av Hemsedal.

Bilen dei to nytta vart funnen i Grøndalen, nord-vest for ransstaden. Herifrå kan ranarane ha teke seg vidare på ski, snøscooter eller i ein bil som stod klar. Etter det Hallingdolen forstår held politiet bilalternativet som mest trauget.

Bil
Dersom flukta gikk vidare i bil ut frå Hemsedal, kan dei ha reist autovest mot Gol, eller vestover mot Lærdal. Frå Bor-

Kan ha sett fluktbil vente på ranarane

Arne Dekko i Grøndalen kan ha sett ein fluktbil som stod og venta på ranarane i Grøndalen.

Han bur like ved staden der den fyrste fluktbilen vart funnen att.

Ved postkassene her såg eg ved 1500-1515 tida fredag ein raudbrun bil. Denne stod parkert med nasen vendt mot sentrum. Bilen vart borte då det kom ein ny bil til området, fortel Arne Dekko.

Naboen hans, Torgeir Haug, var ute med traktoren på om lag same tid. Han såg at det sat ein mann i den parkerte bilen og at denne skjerna augo sine då han køyrt forbi.



Arne Dekko kan ha sett ein fluktbil som stod klar like ved huset hans i Grøndalen. Torgeir Haug meiner den ukjende bilen i området var ein Mitsubishi.

SpareBank 1 Hallingdal - Hemsedal

I Hemsedal er me alltid spente på korleis vintersesongen blir. Sesongen 2002 gav ein god omsetning, og hausten starta rekordtidleg, med gode snøforhold heilt frå oktober.

Det har vore jamn byggeaktivitet i året. Store prosjekt på hytter og leiligheiter som Veslestolen og Skarsnuten er i slutfasa. Marknaden for sal av fritidsbustader har vore tregt. Ved årsskiftet vart det opna eit nytt hotell og det er faktisk 25 år sidan sist dette skjedde i Hallingdal.

Det har vore eit år med bustadbygging på det jamne. Det nye i året er at det har blitt bygd leiligheiter til fastbuande, og dette har vorte godt motteke i marknaden.

Boka «Støl og stølsliv i Hemsedal» kom ut som den fyrste i ein serie i prosjektet «Hemsedal Gjennom Tidene». Denne boka er med på å formidle kor viktig jordbruket er for bygda vår.

Fredag 13. desember skjedde det som ein ikkje trur kan skje, me vart utsett for eit væpna bankran. Heldigvis vart ingen kundar eller tilsette skadde. Me fekk også stadfesta kor viktig det er at me har hatt ransvingar og at det finnst eit kriseteam i bygda som stiller opp i ein slik situasjon.

Lokalbanken i Hemsedal har hatt ein vekst på utlån på 16,3% og utgjer ved årsskiftet 866 mill. kroner inklusiv valutilån. Innskotsveksten har vore på 2,6% og volumet var ved årsskiftet 543 mill. kroner. Me ser at fleire av kundane våre følger som mottoet vårt seier «alt under same tak» og vel forsikring, fondsprodukt, lån og betalingsformidling hjå oss.

Hausten 2002 opna me eit kundesenter. Du kan derfor nå oss heilt til kl. 20.00 frå måndag til fredag. Kundesenteret vil avhjelpe lokalbanken slik at me kan få endå fleire inn til økonomisk rådgjeving.

Lokalbanken i Hemsedal hadde i 2002 13 tilsette, som utgjer 11,5 årsverk.

Johannes Haraldsen
Banksjef

Hallingdølen

LAURDAG 5. OKTOBER 2002

NYHEITER

Børsraset rammar hallingdalsbankane

Det siste året har også bankane i Hallingdal fått svi på børsen. Den største, Sparebank 1 Hallingdal, har måtte tåle eit tap på 13-14 millionar kroner hittil i år.

Den sterke nedgangen på børsen har fått både privatpersonar og bedrifter til å puste tungt. Hovudlista på Oslo Børs har det siste året gått ned 33%.

- Forferdeleg

Investeringane til Sparebank 1 Hallingdal i aksjemarknaden er 4 % dårlegare enn hovudlista så langt i år. Men trass i nedgangen er banken framleis i marknaden med like stort beløp som for eitt år sidan, i overkant av 30 millionar kroner.

Sjølve aksjemarknaden er, og har vore, forferdeleg. Det siste året har me fått ei gigantisk minusavkastning på 37%. Heldigvis er størsteparten av investeringane våre i rentepapir, og der klarte me ei positiv avkastning på rundt 4,5 % i fjor. Men, me hadde forventet 7%, seier administrerende banksjef Knut Oscar Fleten.

Sparebank 1 Hallingdal hadde ved siste halvårsrekneskap ein forvaltningskapital på 2,7 milliardar og ein kapitaldekningsgrad på omlag 17%.

- Derfor har me råd til å ha is i magen, då me ikkje selde oss ut av aksjemarknaden for fire månader sidan, må me vera med no, seier Fleten.



- Me har råd til å ha is i magen seier adm. banksjef Knut Oscar Fleten. (Arkivfoto)

- Vil tapa koma fram i årsresultatet?

Når ein fører bankrekneskap må ein følge forsiktighetsprinsippet. Det betyr at ein ikkje kan føre ein urealisert gevinst i rekneskapen, men eit urealisert tap skal synast, slik at banken ikkje skal ha gøyde tapsbomber, forklarar Fleten.

Nedskrive tap

Hol Sparebank og Nes Prestegjelds Sparebank har også hatt tap på verdipapir det siste året. Det er imidlertid vanskelegare å få eksakte oppdaterte tal frå desse bankane ettersom dei er notert ved Oslo Børs med grunnfondsbevis og underlagd eit strengt børsreglement. Men halvårsresultata er offentlege.

Etter fyrste halvår nedskreiv me i underkant av tre millionar på aksjetap. Men etter børsnedgangen i juli og september forventar me ytterlegare svakare årsresultat,

seier banksjef i Hol Sparebank, Øyvind Strand.

Grunnfondsbeviset til Hol Sparebank vart introdusert i 1998 på rundt 105 kroner, og det har klart seg bra... Siste onsdag vart det omsett grunnfondsbevis til 103 kroner på Oslo Børs. Banken har 1,1 milliardar i forvaltningskapital og 14,2 % i kapitaldekningsgrad per 2. kvartal.

Jamt nedover

Den eldste banken i Hallingdal, Nes Prestegjelds Sparebank, har hatt ei svak utvikling på grunnfondet sitt. Sidan børsintroduksjonen i 1998 på 105 kroner, har kursen gått jamt nedover. Siste onsdag vart grunnfondsbevisa omsett for 77 kroner.

Banken har dei siste åra bygd opp filialar i Flå, Nore og Uvdal, Sigdal, Kongsberg og Drammen og er dessutan ein stor aktør i eigedomsmarknaden i Nes.

- Gamle Svenkerud Hotel

fekk me i fanget etter nedlegginga av flyktningmottaket, og me har også brukt ein del midlar på utvikling av Næringsstunet (tidlegare Nes videregående skole), som vart kjøpt av Buskerud fylkeskommune. Men avdelingane våre rundt omkring hjelper til med positive resultat, med unntak av det nystarta drammenskontoret, seier banksjef Sven Arne Trolsrud. Han synest utviklinga i aksjemarknaden er trist.

Banken har plassert mellom 15 og 20 millionar i aksjefond og aksjar, per andre kvartal hadde banken eit verdipapirtap på i underkant av tre millionar. Banken har omlag 2 milliardar i forvaltningskapital og ein kapitaldekningsgrad på 12% andre kvartal. Tala for tredje kvartal blir lagt fram 30. oktober.

► STEIN TORLEIF BJELLA
stb@hallingdolen.no

Opnar kundesenter

Det nye kundesenteret til Sparebank 1 Hallingdal på Gol opna mandag. No kan kundane få snakke med rådgjevarar heilt fram til klokka 20.00 på vekedagane.

Kundesenteret er lagt til det nye bankbygget på Gol, men senteret skal ikkje ta imot folk som kjem innom. Her er det spørsmål over telefon og henvendelsar sendt på e-post som blir handtert.

Meir tid til kundane

I samband med opninga er det innført eit nytt, felles telefonnummer for alle bankens avdelingar i Hallingdal, samt kontoret i Valdres som inntil vidare berre arbeidar med forsikring.

- Me gjer dette for å få meir tid på lokalkontora, slik at kundane kan få møte bankpersonalet ansikt til ansikt. Rådgjevarane våre blir ofte sitjande fast i telefonen og får ikkje alltid tid til å møte bygdefolket ansikt til ansikt. Men mange spørsmål i person-

marknaden kan kundesenteret raskt svara på over telefonen, seier administrerende banksjef Knut Oscar Fleten.

At senteret er lokalisert til Gol, grunnleggjer han med eit større fagleg miljø og at Gol faktisk ligg midt mellom lokalkontora på Ål og i Hemse-dal.

Tre timar

- For å ta unna telefonkøen, har mange bankar i dag telefonsvarar med menyval. Det slepp du hjå oss. Her skal du få personleg kontakt med ein gong, seier leiaren av senteret, Gro Haugstad. Ho lovar at dei fem rådgjevarane innan tre timar skal ha svara på spørsmåla dine. Som regel får du svar på direkten.

- Me har bygd opp kompetansen hjå kundesjefvarane slik at dei kan takle alle slags oppgaver og førespurnader der og då. Alt frå sentralbordfunksjon til vurdering av lån. Men for kundar som framleis ynskjer å ha kontakt med ein person i banken, er det sjølvsagt fullt mogeleg, seier Haugstad.

Under ei måling i sommar, vart det på ein dag registrert mellom tre og fire hundre telefonar inn til banken.

► STEIN TORLEIF BJELLA
stb@hallingdolen.no



Det nye kundesenteret i Sparebank 1 Hallingdal med rådgjevar Tove Kinnebergbråten i framgrunn.

SpareBank 1 Hallingdal - Ål

I samband med Stortinget si handsaming av St prp 45 (2000-01), vart det vedteke å leggja ned Heimevernesskulen på Torpo etter nesten 50 års drift. For å sikre framtidig aktivitet ved Torpomoen, gjekk Ål Kommune inn for etablering av ein nasjonal rednings- og øvingspark for etatar og frivillige organisasjonar med ansvar og oppgaver innan beredskaps- og redningsarbeid. Ål Kommune overtok Torpomoen i oktober 2002. Det er etablert eit eigedomsselskap, Torpomoen AS, med formål å ta seg av kjøp, drift, forvaltning og utvikling av eigdommen Torpomoen, forutan utleige av lokaler til framtidige brukarar av området. SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS eig 33,3% av aksjane, Ål Kommune eig resten.

Laurdag 8. juni var det opningsfest i Ål Folkepark. Scenebygget har alt vore i bruk eit par års tid, men står no heilt ferdig. Ål Folkepark skal vidareutvikle dei naturgjevne ressursane på området, og dei sterke banda ein har til lokalmiljøet innan landbruk og kultur. Målet er å skape eit permanent arrangements- og aktivitetsområde det ikkje er maken til i Hallingdal. Av arrangementskalenderen for 2003 finn ein fleire aktivitetar utover den årlege Ål-utstillinga. SpareBank 1 Hallingdal har inngått samarbeidsavtale med Ål Folkepark.

I 2002 feira Ål Kulturhus 10 års jubileum som regionalt kulturhus. I desse åra har huset vist seg fram som eit levande hus. Her er kino, konsertar, teater, konferansar og seminar. I tillegg finn ein musikkverkstad, musikkule, galleri for skiftande utstillingar, Nesch-museet, rosemålingsutstilling, bibliotek, kafé, møterom og utleigearreal. Ein finn òg den spanande intimsena «Trugeholu». I tider med nedskjeringar på kommunale budsjett, er det viktig at ein så sentral møteplass for kultur i vid forstand, vert nytta og gjeve høve til å feira nye jubileum som ein levande institusjon. Difor sponsar SpareBank 1 Hallingdal Ål Kulturhus.

Innan næringslivet har ein gjennom 2002 sett lite ny aktivitet, nye tiltak eller nye aktørar i Ål. Innan det etablerte næringslivet er det rett nok gjort investeringar gjennom året. Det har ikkje vorte reist nye næringsbygg. Det har vore eit år med bustadbygging på det jamne. Omsetjing og oppføring av nye hytter bidreg til at me har opplevd god aktivitet når det gjeld privatkundane våre.

Lokalbanken på Ål har hatt eit bra år i 2002. Me har hatt ein utlånsvest på 10,9% og hadde ved årsskiftet eit utlånsvolum på 1.014 mill. kroner medrekna utlån i utanlandsk valuta. Innskotsveksten har vore på 7,4% og volumet var ved årsskiftet 922 mill. kroner. Veksten innan sal av forsikring har halde fram også i 2002. Turbulensen i aksjemarknaden har gjort kundane våre noko meir forsiktige med plassering i aksjar og aksjefond, men salet av garanterte spareprodukt har vore bra. Bruk av NettBank, TeleBank og AvtaleGiro har ført til at mengda av giroar levert over skranken, har vorte halvert dei siste 5 åra. Også talet på transaksjonar med kort har hatt ein monaleg vekst. Ved utgangen av året hadde Ål-kontoret 18 tilsette som utgjer 15,2 årsverk.

VISA-kort, Internett, TeleBank og AvtaleGiro gjer kundane uavhengig av bankbesøk. Men sjølv om me ynskjer den nye teknologien velkomen, vil ikkje det seie at me ikkje ynskjer kundane inn i banken. Tvert om vil me rydde tid til gode samtaler om korleis kundane bør innrette seg i høve til bank og forsikringsspørsmål. På denne bakgrunn ynskjer me å samle alle kundefunksjonane i eit felles miljø i fyrste-etasje. I underetasjen vil stabsfunksjonar og depot/diskontering halde til. Heile endringsprosessen vil bli ferdig i løpet av fyrste halvåret. Me håpar du vil finne deg vel til rette i dei omgjorde lokala og ynskjer deg velkomen til ein god bank- eller forsikringsprat.

Jostein Sorboen
Banksjef

Resultatrekneskap

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

	Note	2002 Morbank	2002 Konsern	2001 Morbank	2001 Konsern
Renteinntekter og liknande inntekter					
